



## Søknadsordning for kultur- og frivilligformål 2025 - Kulturbygg

Giske kommune lyser med dette ut midlar på totalt kr. 100 000,- som skal gå til tiltak for å ta vare på kulturbygga i kommunen.

### Kven kan søke?

Frivillige lag og organisasjonar i Giske Kommune.

Søkjara må vere registrert og presentere aktivitet i aktivitetskalender – [giske.friskus.com](https://giske.friskus.com).

Formålet med søknadsordninga er å leggje til rette for auka aktivitet og frivillig engasjement i lokalt kulturliv. Nyskapande og målretta tiltak som stimulerer til auka engasjement og deltaking vil bli prioritert.

Tiltak som vil bli prioritert:

- Tiltak for å sikre gode møteplassar og arenaer for kultur og fritid.
- Kultur og frivilligtiltak som gir auka aktivitet, inkludering og deltaking.
- Tiltak som fremmer felleskap og identitet.

### Kva kan du søke støtte til?

Tilskot kan bli gitt til vedlikehald og andre tiltak som tek vare på kulturbygg, forsamlingshus og andre møteplassar som er med på å skape aktivitet, engasjement og frivillig deltaking i Giske Kommune. Det kan til dømes søkes om tilskudd til:

- Vedlikehald av kulturbygg som aukar tilgjengeligheten for fleire.
- Dugnad som inviterar nye frivillige til å engasjere seg i kulturlivet.
- Verneverdige bygg.
- Andre nyskapande tiltak som stimulerar til auka frivillig aktivitet.

### Budsjett og rapportering

Søker må vise til plan for gjennomføring med oversikt over finansiering, kostnader og anna ressursbruk.

Ved endt prosjekt skal det leverast rapportering på at midlane er nytta i tråd med søknaden.

### Korleis søke?

Søknadsfrist: 30.04.25

Rapporteringsfrist: 31.12.25

[Gå til Søknadskjema](#)